



Græske-karis plass

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

I Nordherad nord og opp for Ulsand er det mura gjerde rundt tre lykkjer som vart kalla Greske-lykkjun. Den nørdeste lykkja heiter Greske-Karis plass, i 1865 er dette nemnd som Grøskestuen. I 1872 fekk Kari Andersdotter Ulsanden festeseddel på Græske-Kari-Plassen frå Nordherad Statsalmenning med årleg leie 60 skilling. I 1865 budde Græske-Kari saman med dotter og dotterdotter, medan også ei anna dotter med sin son budde der i 1875. Kari Andersdotter f. 1807 var ugift, ved fødselar budde ho i 1830 i Pillarvikeie på Lalm og i 1843 på Visteeie. Kari var dotter til Anders Knutsen, truleg er dette han som vart kalla Anders Gresk 1767-1849, omtala i årbok 1949 og 1966. Mor til Kari var Rønnaug Larsdotter.

Kari hadde døtrene

Ragnhild Hansdotter f. 1830, faren var Hans Olsen Vistekleiven. Ragnhild var ugift, men

hadde dottera Ragnhild Syversdotter f. 1864 med Syver Knutsen Lillesæter i Lom

Anne Hansdotter f. 1843, faren var truleg ein Hans Iversen Øyseie. Anne var ugift, men

hadde med Jacob Johnsen Sønstelién sonen Ivar Jacobsen f. 1868, til Amerika 1887

I 1875 var dei på Græske-Karis plass 2 sauer og 5 geit, medan dei sådde 1/5 tønne bygg og 1/5 tønne poteter.

Kjelder: Folketelling 1865, 1875

Festekontrakt

*Håkon.Ulsand, Nordheringen nr. 1 2002: Gamle heimar
rundt Ulsanden, s. 7*

Kari Bakke Storvik: Stadnamnprosjekt

Utskrifter kyrkjebok for Vågå